

TIPS OSS

Laurdag 31. desember 2016

Logg ut

Bli abonnent

Søk



&amp;NYHENDE

&amp;FOLK

&amp;KULTUR

&amp;SPORT

&amp;DEBATT

OS &amp; FUSA TV

FOR ANNONSØRAR

KUNDESENTER

DIGITALARKIVET &amp; E-AVIS



Arne Wik var innom AMFI Os tysdag for å byta julegåver, men berre dei han fekk to eller fleire av.

Den store bytedagen:

## Tre Oselvar-bøker under treet

Arne Wik kan ikkje hugsast sist han måtte byta ei julegåve, men i år måtte også han til butikken på den store bytedagen, tredje juledag.



**Benjamin Søgne Olsen**  
benjamin@osogfusa.no

Publisert 27.12.2016 kl. 15.53.

- Eg fekk to av denne, seier Wik og viser fram ein Sodastream.

- I tillegg fekk eg tre Oselvar-bøker.

- Hadde du lite på ønskelista i år?

- Ønskelista var kort, ja. Det var i grunn berre Oselvar-boka eg ønskte meg.

Det kom som ei overrasking at han sjølv er avbilda i boka.

- Eg er veldig interessert i Oselvaren, og har ein sjølv. Det er ikkje godt å sjå at det er meg, men eg er faktisk avbilda i boka. Det er frå då eg kapprodde på Vågen i Bergen. Det er over 50 år sidan, seier Wik.



Anders Smedsvik Drange hjå Elkjøp fortel at det er stor pågang på byting

av varer tredje juledag.

### Merkbart større pågang

Det er langt frå ofte at Wik byter gåver han får til jul. Faktisk kan han ikkje hugsa kva tid han gjorde det sist.

- Det er berre i slike tilfelle som dette, kor eg får to eller tre av kvar, at eg byter gåve. Det er ein tanke bak alle gåver, og då liker eg ikkje å gå og byta dei.

At tredje juledag er den store bytedagen, kan Anders Smedsvik Drange stadfesta. Han jobbar som lagermedarbeidar på Elkjøp på AMFI Os, og har gjort det i nokre år.

- Eg må som regel jobba i jula, fordi at lagersjefen liker å ta seg fri i høgtida, seier Smedsvik Drange og legg til:

- Det er merkbart større pågang i dag enn det er til vanleg, seier han.

### - Black Week stel desember-kunder

Kundane kjem inn for å byta fordi dei har fått dobbelt opp, eller fordi dei ikkje fekk heilt det dei ønskte seg.

- Kundane byter alt frå filmar til kjøkenmaskiner, seier Smedsvik Drange.

Ein skulle tru at det var merkbart fleire kundar i butikken i desember, nettopp fordi folk er på utkikk etter julegåver. Det viser seg at det ikkje er heilt slik.

- Det er ein tøff marknad. Mange vel å handla på internett. Ikkje minst, har utviklinga av Black Week gjort at mange gjer unna kjøpa sine i november i stadenfor, seier Smedsvik Drange.

### Bruker 11.000 kroner i snitt

Ei undersøking gjort av Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at nordmenn i snitt handlar for om lag 11.000 kroner i desember, og at detaljhandelsbutikkane omset for 56,6 milliardar kroner denne månaden. Smedsvik Drange verkar å ha eit poeng når han seier at det ikkje er så mykje kundar i butikken i desember som ein kanskje skulle tru. Statistisk sentralbyrå skriv nemleg også at mindre av julehandelen blir gjort i desember.

- I desember i år antek vi at detaljhandelsbutikkane i Noreg vil omsetja for 34 prosent meir enn gjennomsnittet frå januar til november. I 2006 utgjorde denne meirhandelen 43 prosent. Dette betyr at vi handlar meir gjennom heile året no enn vi gjorde for ti år sidan, skriv SSB.

